

Sogn Regionråd

Sogndal, 16. november 2016

Søknad om tilskot for 2017 og 2018

Visit Sognefjord AS søker om tilskot på kr. 250 000,- per år for 2017 og 2018 til internasjonal og nasjonal marknadføring av Sognefjorden og reiselivsprodukta i Sogn.

Visit Sognefjord har frå 2013 – 2016 vidareført marknadsarbeidet frå reiselivslaga og gamle Visit Sognefjord. Vedlagt følgjer forretningsplan for 2015 - 2019 og tiltaksplan m/budsjett for 2016. Marknads- og tiltaksplan med budsjett for 2017 vert basert på planen for 2016 og er klar innan 15.12.16.

Hovudmålet til Visit Sognefjord er auke frå 630.000 til 690.000 gjestedøgn og bidrag til auka lønsemd i reiselivsnæringa. Veksten skal kome heile året, med størst del på haust, vinter og vår. Visit Sognefjord sitt marknads- og utviklingsarbeid skal gi grunnlag for høgare omsetning, lønsemd og sysselsetting i regionen, i tillegg til forsterka omdømme som bu-, arbeids- og opplevingsregion (ref. § 3 «Føremål» i vedtektene). Overordna vekstmål fordelt på årsperiode og nasjonalt/internasjonalt marknad:

	2014 Norge	2019 Norge	Auke Gj.dg.	% auke	2014 Utland	2019 Utland	Auke Gj.dg.	% auke	2019 Sum	Sum auke	% auke
Mai	27.000	35.500	8.500	5%	21.750	25.200	3.450	3%	58.500	9.750	5%
Sommar	130.000	175.000	45.000	6%	238.000	318.000	80.000	6%	465.000	97.000	6%
Sept.	23.000	26.000	3.000	2,5%	21.300	24.000	2.700	2,5%	48.900	4.600	2,5%
Okt.	13.000	16.600	3.600	5%	4.670	6.860	2.190	8%	22.275	4.484	6%
Vinter	42.000	49.100	7.100	6%	10.000	13.350	3.350	6%	60.100	8.100	6%
Sum:	235.000	302.200	67.200	5,7%	295.720	387.410	91.690	6,2%	689.610	158.890	6%

Tabell: Auke i gjestedøgn per måned og sesong i perioden 2015 – 2018 med gjennomsnittleg %-vis auke per år

Selskapet har følgjande finansieringsplan frå 2015 – 2019 (uavklara postar merka med raudt):

Inntekt (netto)	Prospekt 2014	Avvik 2014 - 15	2015	2016	2017	2018	2019
Kommunane	3.465.000	+135.000	3.600.000	3.690.000	3.780.000	3.877.000	3.974.000
Næringa	2.100.000	-100.000	2.000.000	2.200.000	2.420.000	2.662.000	2.928.000
Regionrådet	240.000	0	240.000	240.000	240.000	240.000	240.000
Fylkeskommunen	1.500.000	-250.000	1.250.000	1.150.000	750.000	750.000	500.000
Provisjon	1.200.000	-1.000.000	200.000	200.000	200.000	200.000	200.000
Annonsering	900.000	-500.000	400.000	600.000	650.000	650.000	700.000
Prosjekt	600.000	-250.000	350.000	350.000	350.000	350.000	350.000
Sum:	10.005.000	-1.965.000	8.040.000	8.430.000	8.390.000	8.729.000	8.892.000

På generalforsamlinga i 2016 vart det lagt opp til ein ytterlegare auka frå 5% til 10% årleg auke i marknadsbidraga frå næringa og auka annonse- og prosjektinntekter i perioden:

	2015	2016	2017	2018	2019
5% årleg auke	2.000.000	2.100.000	2.205.000	2.315.000	2.431.000
10% auke	2.000.000	2.200.000	2.420.000	2.662.000	2.928.000
Auke frå 5 – 10%:		+100.000	+215.000	+347.000	+497.000
Bedriftseksempel:					
5% årleg auke	10.000	10.500	11.000	11.600	12.155
10% auke	10.000	11.000	12.100	13.300	14.640
Auke frå 5-10%:		+500	+1.100	+1.700	+2.485


Tabell: Marknadsbidraga frå næringa vert auka med 10% årleg i perioden 2016 - 2019

Fylkeskommunen har gitt tilbakemelding om at dei kjem til å redusere sitt bidrag frå 2018/2019, men det er ikkje avklart kor stor endringa vert. Dette gjer at Visit Sognefjord framleis er avhengig av ekstern støtte for å halde oppe eksisterande aktivitetsnivå i perioden 2017 – 2018.

Me vonar på positiv handsaming av søknaden.

Beste helsing,

Visit Sognefjord AS



Ståle Brandshaug
reiselivsdirektør

Vedlegg:

- Forretningsplan 2015 – 2019
- Budsjett 2016 med marknads- og tiltaksplan (plan for 2017 vert ettersendt i desember 2016)